

Voss Musikkråd  
Pb. 417  
5702 Voss

## **ÅRSMELDING for 2014**

### **Voss Musikkråd**

Årsmøtet for driftsåret 2013 vart avvikla i Hålandshuset, i møtelokalet til Vossajazz, den 29. januar 2014.

Til stades: Styret i VMR og representantar frå Voss Musikklag, Voss Skulemusikklag, Orkesteret Fossegripen, Voss Storband, Voss og omland Kantori, Vossestrand barnekor

Leiaren opna møtet med å ynskja alle hjarteleg velkomne. Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader. Til møteleiar vart Øystein Dahl, vald og som referent vart Halvard Bjørgo vald.

Årsmeldinga vart deretter handsama og leiaren gjekk igjennom den. Deretter vart det høve for dei frammøtte å stilla spørsmål eller kommentera meldinga. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

Rekneskapen vart så lagt fram og kommentert av kasseraren. Deretter vart den godkjent utan merknader.

Valnemnda la deretter fram forslag til det nye styret m.m.som vart samrøystes godkjent. Tillitsvalde har vore slik dette året:

Styret:

Leiar: Øystein Dahl

- Knut Bryn
- Kjartan Ringheim
- Aslak Himle
- Halvard Bjørgo

Vara:

- 1. Hedvig Røhnebæk
- 2. Lajla Selland
- 3. Lillian Hjelmeland

1.vara skal verta kalla inn til styremøter.

Revisorar:  
Jostein Bøyum  
Kirsten Takvam

Valnemd:  
Lars Gjelland  
Brynjolv Norheim  
Snialvur Joanesarson

### **Innkome saker.**

Det var ikkje meldt inn saker frå medlemslaga til handsaming på årsmøtet.

Styret la fram eit skriv for årsmøtet der det vart invitert til ein drøfting av VMR sin framtidige funksjon. Styret har i driftsåret hatt fokus på innspel som kom i drøftinga av denne saka.

### **Styret.**

Styret har hatt 5 ordinære styremøte i dette arbeidsåret. I tillegg har VMR hatt eit samarbeids møte med styret i kulturrådet for å finna ein samarbeidsmodell. Dette er vanskeleg då Voss kommune, kulturretaten ikkje lenger ønskjer at musikkrådet skal vera rådgjevar i musikk saker. Det er så langt ikkje funne nokon god modell for samarbeid mellom desse to råda.

Styret har i tillegg hatt tilsynet med Friluftscena. og gjort førefallande arbeid der. Leiaren har representert VMR årsmøtet til Hordaland Musikkråd i Bergen.

Leiaren er fast medlem av Kontaktutvalet for Distriktsmusikarane og Samarbeidsutvalet for Voss Kulturskule. Det har ikkje vore aktivitet i desse organa dette året. Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscena. Øystein Dahl er medlem av styret i Hordaland Musikkråd. Aslak Himle gjer ein stor jobb med vedlikehald av Friluftscenen. Han innreia kontor/lagerrom på loftet i friluftscena, og styret har hatt dette som fast møterom for sine møte i 2014.

### **Saker og aktivitetar i 2014.**

Særleg tre saker har oppteke styret siste året:

- Drift av friluftscena
- Økonomi
- VMR si framtid

VMR sine råmevilkår og oppgåver i høve til kommunen er kraftig redusert. Styreleiar har forsøkt å koma i dialog med kommunalsjef for miljø og kultur, for å drøfta dette. Det er gjeve klår melding om at rolla til VMR som høyringsorgan for kommunen i rådet sitt saksfelt vert overført til kulturrådet med verknad straks. Dette inneberer også at VMR ikkje lenger innstiller til fordeling av kommunale midlar til VMR sine medlemmer. Kultursjefen vil i det vidare halda fram med å forhalda seg til kulturrådet.

Med dette utgangspunktet, og ut frå føresegnene våre, meiner styret at VMR må drøfta sin framtidige funksjon.

### **Friluftscena**

Som rekneskapen viser er den økonomiske stoda til VMR særst vanskeleg. Dette har også vore tema i møte med kultursjefen, med særleg fokus på drift av friluftscena. Årlege driftskostnader går ikkje saman med inntektene, og kommunen sin haldning til VMR får også direkte verknad med reduserte økonomiske overføringar til drifta.

Ei viktig sak er difor å sikra den økonomiske drifta av friluftscena. Styret meiner å ha dekning for at scena er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og VMR ut frå felles interesser under planleggjinga og byggjinga. Det må difor finnast ein felles løysing. Så langt synest ikkje kommunen å dela dette synet.

Under storflaumen hausten 2014 vart det også fuktskade i scenebygningen, særleg gangen nede og toalettet. Skaden vart meldt forsikringsselskapet samtidig som medlemmer i styret tok tak for å få tørka opp og utbetra skaden. Forsikringsoppgjer er på plass.

### **Avslutning**

VMR har ikkje lenger ein viktig medverknad som formidlar mellom medlemmene og kommunen, m.a. ved innstilling til fordeling av kommunale tilskott. Styret meiner difor at det er naudsynt med ein drøfting og avklaring med medlemmene om rådet sin vidare funksjon.

Voss 13.01.2015

Styret i Voss musikkråd